ÅRSMELDING
2001/02

Styret i JFK har i 2001/02 bestått av:

Leiar	Terje Kleiven
Nestleiar	Øystein Bakke
Sekretær	Ulf Ryen
Kasserer	Arild Storkjørren
Styremedlem:	Anne Mette Garden
Varamedlem	Halvor Dalen
Sikkerheitsansvarleg	Per Ivar Weydahl (møtt fast i styret)
Revisor	Nils Arne Haugen og Tor Ekre
Valgnemnd	Per Ivar Weydahl og Roar Valbjørgsløkken

Klubben hadde i 2001 **68 medlemmer**.

Førre årsmøtet vårt vart halde på Vågå hotel den 21.03.01 med ca 15 frammøtte. Etter møtet synte Tore Sveen video frå klubbmesterskapet.

KLUBBAKTIVITET

Også dette året har vi nok slitt med sakn og ettervirkninga etter rasulykka i fjor. Amund og Eilev vart æra med ei **ljosbildeframsyning i Lom Samfunnshus** 30. mars med ca 150 frammøtte. Ulf og Terje var ansvarlege for serien.

Styremøter:

Det har vore 5 styremøter dette året. I tilegg er avgjorder teke på meir uformell måte v/samtaler, tlf.osv. Av viktige enkeltsaker kan nevnast:

- Dugnad i samband med Jesus Christ Superstar si oppsetning i Jutulheimen. 5-6 klubbmedlemmer sørrga for ei ekstrainntekt på 10.000 kr i løpet av 3 dugnadskvelder.
- klubbfleecevest.
- klatrevegg ved Vågåmo skule. Terje har vore med som "konsulent". Det står att å bore/skru på tak. Styret har vedtatt å gje bort ein del tak
- Styret har vedtatt kjøp av 185 klatretak frå Dragvoll i Trondheim for kr 4.500.

- **Jubileumsfest:**

JFK fylte 20 år i 2001 og det var stor feiring på Leirvassbu 15-16. September. Jubileumsfestkomiteen besto av Øystein og Ulf. Totalt deltok det snautt 30. Laurdag var over halvparten av disse med på Kyrkja. Sjøl om været ikkje var det beste vart det ein flott tur. Om kvelden var det middag med påfølgjande underhaldning og fest. Ulf og Terje synte ljosbilder. Øystein og Ulf hadde skjetsj: "Med Terje på tur".Og det var

diverse prisutnevningar. Det var dans etter musikk av Hanne Kari Bakke. Til slutt kan vi nevne.... nei, det kan forresten vera det såmå...!
Dagen etter bar det til bygds att. Berre Hilding og Ellen var på tur, topptur til og med.

- **Klatretrening i Vågåhallen:**

Også denne sesongen har vi hatt hallen 2 kvelder for veka. Måndager var det trening for unger og vaksne, torsdag berre for vaksne. Frammøte har vore noko varierande men må stort sett seiast å vera bra.
Klubbmedlemmer har ellers vore med som ledere/ansv. for allidrett, Otta ungdomsskule m.v.

- **Klubbmesterskap:**

Klubbmesterskapet vart avvikla 1. des med 13 deltakere.
Vinnere vart: Stein Ove Mork (sneior) Anne Mette Garden (damer) Vegard Pedersen (junior gutar) og Lillian Jacobson (junior jenter)
Anders Kringstad frå klatreforbundet var her å skruvde ruter. Om laurdagskvelden var det sosialt samvær i Riddersprangetder m/a Anders Kringstad synte ljosbilde frå første vinterbestigning av Midnattsekspressen av Goksøyra.

- **Samlinger:**

Den årlege pins-samlinga i **Romsdalen** hadde svært god oppslutning, men dessverre var ikkje været med oss denne gongen. Det vart likevel ein del klatring øvst uppi dalen: Bobleveggen og Slettafossen.

I juni hadde vi ei svært vellykka samling i **Molladalen**. Knallvær gjorde at vi kunne legge att telt. Alle sov under åpen himmel. Totalt var vi 9 stk. Rutene som vart klatra var Sofaruta, Bladet, Randersnatten, Blåtårnet, Raudtårnet og sørvesegga på Jønshorn.
Sivert og Ola Iver tok nok "hardkukprisen". Sivert svømte tur/retur under eit 5-6 m langt isflak. Deretter sprang han og Ola Iver over det 50 m breie vatnet frå flak til flak – i onbrok. Må også nevne at Per Ivar og Arild var her ei helg seinare på sommaren og klatra noko av det same.

- Kurs:

Anders Nordnes var instruktør på eit **kameratredningskurs** i Tronoddberget to kveldar i mai. Det deltok 7 stk frå klubben der vi fekk ei nødvendig opplæring/oppfrisking for å kunne unngå/takle redningsaksjoner under klatring.

Eivind Wang hadde helgekurs i Vågåhallen 14/15. februar 2001 om trening. Det var med 7 ivrige deltakere.

KLATREAKTIVITET

Det vil naturlegvis føre for langt å ta med alt som er gjort siste året. Men for å vise noko av mangfaldet og aktiviteten tek vi med noko. Om vesentlege ting er utegløymt får vera oss unnskyldt.

Utlandet:

Ulf, Terje, Øyvind (Teigen), Olav Rebni og Henning Søndmør klatra **Matterhorn** og **Breithorn** i Alpene i august 2001. Hilding og Ola Iver var i **El Chorro** i Spania i nyttårshelga. Stein Ove besøkte **Tenerife.** Sivert er f.t. på lengre utanlandsreise. **Thailand, Australia og USA.** Odne Auale har besteget **Kilimanjaro**. Øystein Bakke har vore på skibomstur i **Kaukasus** og Dag Inge Bakke på tilsvarende i **Alpene**.

Isklatring/vinterklatring:
Sivet foretok den velkjente og seriøse "Snøhetta-raversen" i romjula saman med ein kamerat og 20 kuldegrader. Stæært.

Ulf og Ole Ragnar - Per Ivar og Arild repeterte Smørgrove i Vårdalen (1. Bestigning av Eilev og Amund i fjor vinter) Per Ivar, Arild – Terje m/kamerat har alle klatra Jukulkula. Ulf og Roar har klatra nytt "gjel" på Nord-Sel.

Sommarsesongen:
Sesongen vart au prega av at ein del av våre mest aktive vart langtidsskadde m.a. Hilding, Øystein og Per (Ekre)
Både Hilding, Sivert og Ola Iver og Stein Ove klatra i sommer "Brefrosken" i Tronoddberget (den hardaste ruta i Tronoddberget grad 8+)
Det har vore klatra ein del nye ruter ved Nessebrua. Anne Mette og Ellen leda som dei første jentene i klubben rute av grad 7 (Roars ergrelse)

Forutan dette som er nevnt veit vi at det har vore JFK'ere i:
Julsundet, Romsdalen, Klauva, Dokka, Div. andre klatrefelt på austlandet, Nissedal og Bø, Hell, Lofoten, Hurrungane, Jotunheimen… for å nevne noko.

Vågå, 20. Mars 2002
For Styret

Terje Kleiven
leiar